

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Norsk fjellsenter, Lom

Dato: 24.06.2019

Tidspunkt: 11:00 – 16:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	Leder	
Bjarne Eiof Holø	Nestleder	
Marit Nauste	Medlem	
Elias Sperstad	Medlem	
Jo Trygve Lyngved	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Blankenborg	Medlem	
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Kjersti Bjørnstad	Medlem	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Øystein Andreassen	Kjersti Bjørnstad	

Merknader

Jo Trygve Lyngved møtte for Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg, og møter som fast styremedlem ut styreperioden 2019, da Kari Ramen måtte fratre styrevervet ved årsskifte.

Vara for Magnhild Vik, Bjørn Sandnes, meldte forfall. Vara for Mariann Skotte, Stian Lotten meldte også forfall. Det vart ikkje kalla inn vara for Svein Blankenborg, da varsel om forfall kom rett før møtestart.

Etter lunsj på Brimibua, orienterte Mai Bakken om Norsk fjellsenter sitt samarbeid med dei to forvaltarane som har kontorplass i forvaltningsknutepunktet. Bakgrunn for orienteringa er vedtak om intensjonsavtale med Nasjonalparkstyret, behandla på styremøte 18.03.19 i sak 7/2019.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørлие	Nasjonalparkforvaltar
Per Olav Haugen	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Bjarne E. Holø
Sign.

Per Magnus Berdal
Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/2019	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 15/2019	Referatsaker		
	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2017/4336 - Tilbygg på hytte gnr 159/1/24 ved Honnsjoen - Håkon Øverli		2019/8383
	Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen		2018/702
	Finndalen LVR - Dispensasjon - Oppføring av do og lager ved hytte ved Råkåvatnet gbnr 159/1/22 - Steinar Håkenstad		2019/8952
	Reinheimen nasjonalpark - Bruk av drone i registrering av villrein - 2019-2021 - Reinheimen-Breheimen villreinutvalg		2019/10892
	Reinheimen NP - Støtte til bokarbeid - Fiskekrønike for Lesja - Per Jordhøy		2019/7251
	Verneområder - Spørsmål om definisjon av Forsvarets operative virksomhet		2019/7812
	Oversendelse av brev fra Miljødirektoratet		2018/693
	Bruk av el-sykkel i verneområder		2019/7812
	Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen - høyring		2019/9069
	SV: Tiltak Reinheimen 2019		2019/11083
	Romsdalen landskapsvernområde - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - uttale høyring - E136 Flatmark-Monge-Marstein - varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram		2019/7272
	Invitasjon til synfaring - Oppstart av arbeid med skjøtselsplan for kulturlandskapet ved Reindalseter i Tafjorden-Reindalen LVO		2019/12013
	Invitasjon til synfaring - Oppstart av arbeid med skjøtselsplan for kulturlandskapet ved Vermedalssætran i Romsdalen LVO		2019/12013
ST 16/2019	Delegerte saker		
DS 15/2019	Ottadalen LVO- Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Bruk av skuter for transport til Nedre Lortjønn - Leif Skiaker		2019/8954
DS 16/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Transport av båt til Stensgårdsløfte - Olav Øiberg		2019/7866

DS 17/2019	Lordalen LVO - Reinheimen NP- Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Flytting av båt til Nordre Bergtjønn - Stian Løkken	2019/7350
DS 18/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Bruk av skuter fra Billingen parkering til østenden av Heimste Vetledalsvatnet - Ola Flåten	2019/8216
DS 19/2019	Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Transport av ved - Fra Rusten til Løstølen gbnr 157/1/9 - Mads Magnussen	2019/9691
DS 20/2019	Reinheimen nasjonalpark - Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av båt frå Bergetjønne til Krokutetjønne - Geir Kornkveen	2019/8967
DS 21/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av båt ved Vålåvatnet - Geir Kornkveen	2019/8969
DS 22/2019	Trollstigen landskapsvernområde - Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Stikk-UT-postar 2019 - Rauma kommune	2019/9714
DS 23/2019	Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Torvtak på Jakobselet - Ålesund-Sunnmøre Turistforening	2019/7431
DS 24/2019	Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Helikopter - Transport av båter fra Nordre Flatmark til bu ved Rangåvatnet gbnr 71/2 - Per Bersås	2019/10616
ST 17/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Utsetting av fisk i to vatn i Norddal statsalmenning - Norddal fjellstyre	2019/12616
ST 18/2019	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bygging av ny utedo ved Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening	2019/10162
ST 19/2019	Finndalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - oppføring av seterhus på Gubhage seter, gnr. 159/1/50 - Hans Gubhage	2019/10385
ST 20/2019	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2018	2019/12976
ST 21/2019	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møter 2. halvår 2019	2019/1508
ST 22/2019	Lordalen LVO - Uttak av stein og grus i Gjelutåe og Gravåe - Lordalsvegen	2019/13213
ST 23/2019	Eventuelt	

ST 14/2019 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Det vart lagt fram ei tilleggssak (2019/13213, Lordalen lvo - Uttak av stein og grus i Gjelutåe og Gravåe. Styret fekk utdelt sakspapir direkte i møtet til vurdering, og eit samrøystes styre vedtok å behandle den ettermeldte saka, sidan det er ei hastesak.

Vedtak

Ingen merknader til innkallinga.

Styret vedtok å behandle ei ettermeldt sak om grusuttak i Gjelutåe og Nordre Gravåe i Lordalen lvo, sak 22/2019.

Bjarne Eiolf Holø vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 15/2019 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen, 2018/702

Det vart orientert om byggesaka ved Honnsjøen. For å ha tilstrekkeleg kunnskap om saka, er den sendt Oppland fylkeskommune for uttale. Saka vert lagt fram for styret til endeleg behandling i skype-møte 04.07.19.

Reinheimen nasjonalpark - Bruk av drone i registrering av villrein - 2019-2021 - Reinheimen-Breheimen villreinutvalg, 2019/10892

Det vart orientert om saka, og ønskje å teste ut bruk av drone i samband med registrering av villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Det er lite erfaring og kunnskap om bruk av drone i samband med villreinteljing, men det har vore testa drone til minimumsteljing i Rondane sør, jf. artikkel i magasinet Villrein 2019. Forvaltar i Reinheimen og Breheimen samordnar behandling i denne saka. Styret gjekk inn for at forvaltar kan behandle saka delegert.

Romsdalen landskapsvernområde - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - uttale høyring - E136 Flatmark-Monge-Marstein - varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram, 2019/7272

Styret bad om at kopi av uttala vert sendt på e-post til alle styremedlemmane til orientering.

Bjarne E. Holø stilte spørsmål ved at det manglar tilgang i ePhorte for styremedlemmar til å lese referatsaker og delegerte saker før styremøta. Kristine vil undersøke med brukarstøtte hos fylkesmannen.

Vedtak

Referatsakene vert teke til orientering.

Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2017/4336 - Tilbygg på hytte gnr 159/1/24 ved Honnsjoen - Håkon Øverli

Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen

Finndalen LVR - Dispensasjon - Oppføring av do og lager ved hytte ved Råkåvatnet gbnr 159/1/22 - Steinar Håkenstad

Reinheimen nasjonalpark - Bruk av drone i registrering av villrein - 2019-2021 - Reinheimen-Breheimen villreinutvalg

Reinheimen NP - Støtte til bokarbeid - Fiskekrønike for Lesja - Per Jordhøy

Verneområder - Spørsmål om definisjon av Forsvarets operative virksomhet

Oversendelse av brev fra Miljødirektoratet

Bruk av el-sykkel i verneområder

Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen - høyring

SV: Tiltak Reinheimen 2019

Romsdalen landskapsvernområde - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - uttale høyring - E136 Flatmark-Monge-Marstein - varsel om oppstart av reguleringsplan og høyring av planprogram

Invitasjon til synfaring - Oppstart av arbeid med skjøtelsesplan for kulturlandskapet ved Reindalseter i Tafjorden-Reindalen LVO

Invitasjon til synfaring - Oppstart av arbeid med skjøtelsesplan for kulturlandskapet ved Vermedalssætran i Romsdalen LVO

ST 16/2019 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Vedtak

Delegerte saker vert teke til orientering.

DS 15/2019 Ottadalen LVO- Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Bruk av skuter for transport til Nedre Lortjønn - Leif Skiaker 2019/8954

DS 16/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Transport av båt til Stensgårdsløfte - Olav Øiberg 2019/7866

DS 17/2019 Lordalen LVO - Reinheimen NP- Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Flytting av båt til Nordre Bergtjønn - Stian Løkken 2019/7350

DS 18/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2019 - Bruk av skuter fra Billingen parkering til østenden av Heimste Vetledalsvatnet - Ola Flåten 2019/8216

DS 19/2019 Lordalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Skuter - Transport av ved - Fra Rusten til Løstølen gbnr 157/1/9 - Mads Magnussen 2019/9691

DS 20/2019 Reinheimen nasjonalpark - Lordalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av båt frå Bergetjønne til Krokutetjønne - Geir Kornkveen 2019/8967

DS 21/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Motorferdsel - Transport av båt ved Vålåvatnet - Geir Kornkveen 2019/8969

DS 22/2019 Trollstigen landskapsvernområde - Romsdalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Stikk-UT-postar 2019 - Rauma kommune 2019/9714

DS 23/2019 Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - Torvtak på Jakobselet - Ålesund-Sunnmøre Turistforening 2019/7431

DS 24/2019 Romsdalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Helikopter - Transport av båter fra Nordre Flatmark til bu ved Rangåvatnet gbnr 71/2 - Per Bersås 2019/10616

ST 17/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2019 - Utsetting av fisk i to vatn i Norddal statsalmenning - Norddal fjellstyre

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

1) Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3. a) får Norddal fjellstyre dispensasjon til utsetjing av fisk i Krynkelvatnet og Illstigmatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for 2019.
- Fiskeutsetjinga omfattar:
 - 500 fisk i Krynkelvatnet
 - 300 fisk i Illstigmatnet (Muldalsillstigen).
- Utsetjinga skal skje i samarbeid med Tafjord Kraft si fiskeutsetjing med fisk frå same godkjente leverandør.
- Rapport skal sendast nasjonalparkstyret for Reinheimen etter at tiltaket er gjennomført.

Det blir gjort merksam på at løyve til fiskeutsetjing må innhentast frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

2) Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3.b) får Norddal fjellstyre dispensasjon til bruk av helikopter til fiskeutsetjing i Krynkelvatnet og Illstigmatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld ein tur i 2019 til Krynkelvatnet og Illstigmatnet og skal utførast i samband med helikopterturen Tafjord Kraft har i samband med si årlege fiskeutsetjing (sak. 2018/4665).
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Thomas Rødstøl (mob 915 47 617) skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdsselforskriften §7).
- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 01.12.2018 (elektronisk rapportskjema: http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf).

Det vert gjort merksam på at helikoptertransporten og landing må avklarast med grunneigar og Norddal kommune, jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

Det blir gjort merksam på at motorferdsel må avklarast med Norddal kommune.

ST 18/2019 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bygging av ny utedo ved Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Ålesund-Sunnmøre Turistforening dispensasjon til riving av eksisterande og bygging av ny utedo ved sjølvbetjeningshytta Vakkerstøylen i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygget skal ha dimensjonane som går fram av skisse; 3,0 m lengde (aust, vest) x 2,0 m breidde (nord, sør), total storleik 6,0 m². Høgde 2,6 m frå toppen av grunnmur til under rafta ved inngang i aust og 2,4 m i vest.
- Bygget skal ha same plassering som eksisterande bygg.
- Bygget skal ha ståande panel med farge lik nybygget på hovudhytta på Vakkerstøylen. Taket skal vera av torv, henta frå nærområdet.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert riving og opprydding er i løpet av juni 2022. Etter denne fristen fell løyvet bort.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med Rauma kommune og grunneigar.

ST 19/2019 Finndalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2019 - oppføring av seterhus på Gubhage seter, gnr. 159/1/50 - Hans Gubhage

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) og c), får Hans Gubhage dispensasjon til følgjande på Gubhagesetra, (159/1/50):

1. oppføring av nytt seterhus, flytta frå Klomsroe
2. innvendig ombygging/omdisponering av eksisterande seterhus, for vidareutvikling av setra til småskala reiseliv.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Nytt seterhus frå Klomsroe, skal etter oppføring ha eit utvendig areal på 72 m², (6 m x 12 m).
- Klomsrohuset skal restaurerast etter antikvariske prinsipp, og tilpassast setermiljø og bygningsmiljø.
- Nye vindauge, som må skiftast ut, skal ha same storleik som på eksisterande bygg, todelt med ruteinndeling 2 x 3. Nytt vindauge på langveggen mot vegen skal ha same storleik.
- Det nye seterhuset skal plasserast vest for setertunet, der det i dag er ei støypt såle, vist som plasseringsvariant 1 i søknaden, og foto i saksutgreiinga.
- Takmaterialet skal vera torv, skifer, eller tre.
- Utvendig kledning i ståande panel kan vera aktuelt på deler av bygget, dersom det er vurdert som nødvendig av kyndig handtverkar. Tømmerveggane og evt. utvendig kledning på bygningen skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på eksisterande seterhus.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **24.06.2022**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

ST 20/2019 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2018

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Styret er samd i at det er bra med ei oppsummering av året i ein årsrapport, og at den vert formidla til rådgjevande utval og andre kontaktar knytt til verneområdet.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek Årsmelding for 2018 til etterretning, og ber om at rapporten vert publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og synleggjort via facebook og instagram.

Årsrapporten 2018 skal også sendast til rådgjevande utval og administrativt kontaktutval til orientering.

ST 21/2019 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møter 2. halvår 2019

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Samrøystes.

Vedtak

Møteplan 2. halvår 2019:

23.september – Valldal, inkludert møte med rådgjevande utval og adm.kontaktutval

2.desember – Lesja

ST 22/2019 Lordalen LVO - Uttak av stein og grus i Gjelutåe og Gravåe - Lordalsvegen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lordalsvegen dispensasjon til uttak av totalt 250 m³ stein og grus frå Gjelutåe ved Storsætre, og 100 m³ frå Nordre Gravåe ved Bjøknesætre.

Tiltaket er nødvendig for å reparere skader på Lordalsvegen ved Storsætre i 2019 og førebyggje skade på vegar. Uttak av overskotsmasse vil føre til ei attendeføring til eit breiare og

meir naturleg elveløp. Tiltaket er ikkje vera i strid med verneføremålet, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Uttak av masse i Gjelutåe skal avgrensast til 15 meter oppstrøms brua, og nedanfor brua til utløp i Lora. Tidlegare oppravde massar på kvar side av elveløpet skal takast ut først. Om behov kan det takast masser i elvebotn, og senkast med inntil 1 meter nedstrøms til utløpet av Lora.
- Uttak av masse i Nordre Gravåe skal avgrensast 15 meter ovanfor stikkrenna gjennom setervegen, og nedanfor stikkrenna i sidene til opphavelig terreng og vegetasjon. Grusmassar på sida av elveløpet skal takast ut først,. Om behov kan det takast masser i elvebotn, og senkast med inntil med inntil 1 meter ned til setervegen og over ein strekning på 10 meter nedstøms setervegen.
- Grusmassane frå Gjelutåe og Nordre Gravåe skal nyttast til reparasjon av Lordalsvegen, og evt. overskotsmasse skal lagrast utanfor verneområdet.
- Område for knusing av stein til oppgrusing av veggen skal skje på område etter nærare avtale med nasjonalparkforvaltar.
- Vegetasjon i elvekanten skal i størst mogleg grad ikkje rørast. Etter uttak skal elvekanten pyntast til, for å sikre mot erosjon, og for å ta vare på eksisterande kantvegetasjon.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er sett til 15.09.19

Med heimel i verneforskrift for Lordalen Ivo, § 3, pkt. 1.2, b) kan reparasjon og vedlikehald av Lordalsvegen gjennomførast. Etter reparasjon og oppgrusing skal veggen ha same standard som på vernetidspunktet. Anlegg av ny grøfter er ikkje tillate. Masse til vanleg vedlikehald av veggen, utover reparasjon av skade, må hentast utafor landskapsvernområdet.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova. Det vert gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 23/2019 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 24.06.2019

Besøksstrategi

Er sendt på høyring med høyringsfrist 28.juni

Det har kome inn 2 høyringsuttaler - frå Norsk Tindesenter og frå Reinheimen-Breheimen villreinutvalg. Norddal kommune har bede om å få utsett høyringsfrist til etter sommarferien for politisk behandling. Fylkesmannen i Innlandet har og bede om utsett frist.

Skjøtselsplan

Skjøtselsrapportar for 2018 er mottatt for vidare behandling og høyring til hausten. Det blir signert kontrakt med Miljøfagleg utredning, for arbeid på Reindalsseter og Vermedalsseter i løpet av 2019. Oppstartsmøte i uke 32.

Tiltak 2019 Billingen

Gjennomført møte i lokal arbeidsgruppe 13.05.19, for prioritering av tiltak i 2019. Forvaltar har fått pristilbod frå DMT i Skjåk på plakatar og skilt, på karttavle, temaplakat, retningskilt, naturstig og portalskilt. Informasjonstiltaka vert utarbeidd i samarbeid med forvaltar i Breheimen og lokal arbeidsgruppe.

Tussheim

Søkt om supplerande tildeling 2019 på kart- og informasjonstavle og portalskilt. Pristilbud er henta frå Trollbinde. Skilt og tavler vert utarbeidd i samarbeid med Dovrefjell- Sunndalsfj.

Vedtak

Orienteringar under eventuelt, vert teke til etterretning.